

Vil reinsa verdas vatn med Meland-vri

Ideen var eit innfall. Men med Veritas i ryggen og eit John Fredriksen-prosjekt som referanse, håpar Sigmund Larsen på global suksess.

Av Stig Elliott
stige@strilen.no

– Eg har vel alltid vore ein person som lurar på om ting kan gjerast annleis og betre. Eg har drive business før og gått på trynet, det skal eg ikkje leggja skjul på. Men det stoppar meg ikkje. Denne ideen har eg verkeleg tru på, seier Sigmund Larsen, gründeren bak bedrifta Environor.

Ferieinnfall

Frå kontoret i Meland jobbar han no hardt for å få fleire investorar med på laget, samtidig som han og Det Norske Veritas skal ha eit pilotprosjekt på plass for å få reinsingsløsninga til å ta av. Enkelt forklart vil Larsen og Environor nytta skip som flytande vassreinsingsanlegg. På denne måten kan ein hjelpe land og byar med forureiningsproblem til å reinsa avfallsvatn på kostnadseffektivt vis. Anten for å sleppa det ut i havet utan å forureina, eller for å resirkulera det til drikkevatt og vatn for industriell bruk.

– Ideen fekk eg under ein ferietur til Dubai i 2007, fortel Larsen.

Her fekk han sjå lastebilsløserar dumpa avfallsvatn og kloakk rett i sjøen. Dette fordi vegen til vassreinsingsanlegget var lang. Etersom sjåførane køyrte på akkord og fekk betaling per lass, var det enklare å dumpa lasta i sjøen.

– Dette blei ein miljøskandale. Eg tenkte at det må finnast betre metodar for å reinsa vatn enn å køyre lange avstandar med bil. Dermed gjekk eg i gang med å undersøka, fortel Larsen.

Flytande anlegg

Det han fann ut, var at verda har eit gigantisk vassproblem - både med forureining og mangel på reint drikkevatt. Med bakgrunn frå shipping og mellom anna Odfjell, fann Larsen ut at han kunne bruka store skip til vassreinsing. Etter å ha fått støtte frå



VERIFISERT: Det Norske Veritas går god for løysinga med reinsing på store skip.

Foto: Det Norske Veritas



SALSRUNDE: Sigmund Larsen har reist verda over for å selja inn konseptet sitt. Her frå ei messe i Dubai.

Foto: Privat

Innovasjon Norge, samla han store mengder dokumentasjon for å kartlegga marknadspotensialet. Han sa opp jobben i Odfjell for å satsa på Environor. Og etter eit par år fekk han ein solid samarbeidspartnar i ryggen.

– Eg måtte få verifisert at løysinga mi lét seg gjennomføra. Det måtte bevisast at skip kunne byggast om og nytta kjente metodar for reinsing av vatn. Veritas har eit godt rykte verda over. Det at dei tente på ideen og verifiserte løysinga mi, var eit gjennombrudd, fortel Larsen.

Store utfordringar

Med store skip liggande ved hamn eller eit stykke frå land, kan avfallvatn reinsast - for

utslepp til havet, eller for å bli pumpa tilbake til land og brukast på nytt.

– Verda har store utfordringar med omsyn til reint vatn. Tenk om middelklassen i India, som i dag er på om lag 60 millionar menneske, aukar til 500 millionar. Då vil behovet for reint vatn auka drastisk. Det gjer det uansett med vår globale auke i levestandard. I Rio de Janeiro går 80-90 prosent av kloakken rett i sjøen. Padlarar og seilarar er bekymra for tilhøva under OL. Behovet for vassreinsing er enormt, seier Larsen.

Han peikar på at reinsing av avfallsvatn til drikkevatt enno er ein mental barriere fordi mange vegrar seg for å drikka

miljøvennleg med tanke på at altfor mange skip i dag blir skrota for tidleg. Fleire og fleire hamner nektar 20 år gamle skip og komma til land. Samtidig vegrar reiarar seg for å selja eldre skip, fordi dette vil auka konkurransen. Dermed blir dei skrota, seier Larsen.

Eit eksempel frå shippingmiljøet viser at skip kan få nye bruksområde utifrå same tankegangen som Larsen har valt å satsa på. I Djakarta i Indonesia har Jon Fredriksen levert ei løysing der eit skip ligg 27 kilometer frå land, mottar flytande gass og omgjer denne til gass som kan nyttast til oppvarming og energi - for så å pumpa gassen tilbake til land.

– Eg har vore i Indonesia for å selja inn løysinga mi. Der trengte eg ikkje forklara fordelane med skip som reinseanlegg. Dei kjente til Fredriksen si løysing, seier Larsen.

Støttespelarar

I februar gjekk Environor ut og presenterte vassreinsinga si, i samarbeid med Veritas, Røde Kors og WWF. Det blir jobba hektisk med å selja inn løysinga til eit første pilotprosjekt.

– Eg håpar me får dette til i løpet av eit halvår. Då vil me trenga to år på å få prosjektet ferdig. Prisen vil variera alt etter kor stor kapasitet anlegget skal ha, og kor stort skip som skal nyttast. Me snakkar frå 60 millionar dollar til 400 millionar dollar. Med den billigaste varianten på eit 40.000 tons skip, kan me reinsa vatn til 300.000 menneske. Med eit gigantanlegg og ein båt på 386.000 tonn, kan det reinsast for 2,5 million menneske, seier Larsen.

Førebels har Environor null i omsetning. Utfordringa no er å halda liv i selskapet inntil pilotprosjektet er klart. Larsen har fått mange gode støttespelarar i tillegg til Veritas. Pricewaterhouse Coopers hjelper til i jakta på investorar. Advokatkontoret Wikborg Rein stiller òg opp. Det same gjer professor emeritus Hallvard Ødegaard ved NTNU.

– Eg er veldig takksam for den hjelpa eg får. Og er det nokre investorar som leitar etter gode prosjekt å setja pengane i, er det berre å ta kontakt. Målet vårt er å få på plass 20 millionar kroner over tre år, seier Larsen.

– Denne løysinga vil og vera



HEIMEKONTOR: Frå heimekontoret i Meland jobbar Sigmund Larsen no hardt med å få til eit pilotprosjekt med vassreinsing på skip.

Foto: Stig Erik Elliott



VELKOMMEN TIL HELELEKTRISK PRØVEKJØRING.

KJØP BIL NÅ, FÅ BIL I ÅR!
ELEKTRISK KJØREGLEDE FRA 249.900,-*

- Elektrisk bil i premiumsegmentet.
- 0-100 på 7,2 sekunder.
- Rekkevidde opptil 16 mil.

BMW IS GARANTI
0-2 år 200.000 km
3-5 år 100.000 km
*inkl. tryk og levering

Jæger Sentrum Asana
Jægerstranda
Siktpost: Lillesand 501. T: 95 60 63 90
Sentrum: Lillesand 6. T: 95 60 63 85